

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KRD

Fra: Huset i bygda

Dato: 23.april 2012

Kommune:	Sogn og Fjordane
Prosjektnavn:	Huset i bygda
Prosjektleder:	Kristin Sandal
Leder i styringsgruppen:	Anders Gjerland
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Sissel Lillebø Aarseth
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) Styringsgruppe X b) Forankring i befolkningen X c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt X
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Hovudmål: Utvikle dei organisasjonseigde kulturbygga til å verte kulturelle fyrtårn i lokalsamfunnet for å skape aktivitet, kreativitet, glede og bulyst</p> <p>Delmål: Systematiske arbeidsmetodar for huseigar. Måloppnåing: Vi har hatt kontinuerlig utarbeiding av metodar, skriv og malar for effektiv drift og utvikling av hus. Dette arbeidet fortsett ut prosjektperioden. Har utarbeida ein Huset i bygda perm som vil bli vidareutvikla i løpet av sommar og tidleg haust. Den vil bli standardisert i løpet av hausten og skal før utgong av 2012 bli i endelig trykt versjon. Den er pr i dag i bruk, men i ein foreløpig versjon.</p> <p>Lokale kurs og rettleiing av huseigarar. Måloppnåing: Har sidan deltaking i Bulyst programmet hausten 2011 hatt kontakt med 57 forskjellige hus. Vil fortsette arbeidet gjennom året og målet er å nå minst like mange før utgangen av 2012.</p> <p>Kulturhuskonferansen og regionale huskurs. Måloppnåing: Har gjennomført konferanse i november 2011 og har planlagt ny i november 2012. Regionale kurs på 6 stader og har fleire under planlegging både før og etter sommaren.</p>

	<p>Bygdemøte for huset. Måloppnåing: Har ikkje delteke på bygdemøte siste året sidan vi ikkje har blitt invitert til nokon. Vil oppmuntre huseigare til å arrangere og stille oss til disposisjon for deltaking.</p> <p>Synleggjering av husa og politisk påverknad. Måloppnåing: Har fått auka fokus på husa i mange kommunar gjennom aktiv kontakt i høve samlingar m.m. Har hatt ei rekke pressesaker på prosjektet. Vil i 2012 fokusere på enda større mediadekning.</p> <p>Dokumentasjonsarbeid. Måloppnåing: Har laga registreringsskjema som ein rekke huseigare har fått. Det vert arbeid med å lage eit nettbasert registreringsverktøy til dette dokumentasjonsarbeidet. Det vil i løpet av sommar og haust bli satt ned ekstra ressursar på registreringsarbeidet.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Huseigare av organisasjonseigde kulturbygg; samfunnshus, grendehus, ungdomshus og andre kulturbygg som er eigd og drifta av lag og organisasjonar. Prosjektet når i aller høgste grad fram til målgruppa. Det er snakk om ein stor målgruppe og vi har ikkje nådd fram til alle huseigare i fylket og det vil heller ikkje vere realistisk å nå dette før utgang av eksisterande prosjekt. Det er pr i dag ingen total oversikt over kor mange hus som finnest i fylket. Det gjer at arbeidet med å nå ein total målgruppe er krevjande. Målet er å nå flest mulig med muligheit for fleire å nytte seg av innhaldet i prosjektet etter prosjektslutt.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Vi har sidan tildelinga av Bulyst midlar arrangert den årlige Kulturhuskonferansen. Vi har også fokus på å reise ut til huseigare og har så langt gjennomført 6 regionale samlingar, der det til saman var 96 personar som deltok. I tillegg er det jamleg kontakt med nye huseigare samt oppfølging av dei som tidlegare har delteke på aktivitet tilknytt prosjektet. Vi har utforma ei rekke malar og laga ulike veiledningar. Resultatet av dette arbeidet er ein Huset i bygda perm, der vi har samla alt av materiell som huseigare får på alle samlingar vi har. Det er pr. i dag rundt 50 sider i denne permen, men den vert fortløpande oppdatert etter kvart som meir materiell vert laga. Dette er også gjort tilgjengelig på web som digitale filer. Vi jobbar no med eit aktivitetsverktøy som skal hjelpe huseigare til å sjå kreativt på nye muligheiter for huset. Her tar vi utgangspunkt i Trivselsbygda, som 4H, Bygdeungdomslag og Bygdekvinnelag står bak, i korleis den er bygd opp og vil nytte det på same måte som dei har gjort med sitt verktøy. Vidare er registreringsverktøy under arbeid. Dette skal resultere i ein base som for ettertid vil vere ein viktig historisk dokumentasjon og ein synlegheit på mangfaldet av hus og aktivitet som er, og har vore i fylket vårt. Vi har ein dynamisk plan som vert justert fortløpande som huseigare har ynskjer eller behov. Det vil på den måten kome nye aktivitetar og/eller tiltak som pr. i dag ikkje står i prosjektplanen.</p>
<p>Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan</p>	<p>a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. c) Det er foretatt følgende justering X Vi har utsatt arbeidet med registrering av hus frå 2011 til 2012.</p>

	<p>Vi jobber no med å lage eit nettbasert verktøy som skal gjere denne jobben enklare og gjere informasjonen lettare tilgjengelig for når den er lagt inn i basen. Vi følgjer elles opphavlig plan, men kan ha fokusert tyngre på enkelte oppgåver i periodar. Totalsett vil prosjektet ved årsskifte ha måloppnåing etter prosjektplanen.</p>
<p>Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt b) Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket X d) Effekten kommer i eget og andre fylker X (ved overføring av prosjektform til andre som ynskjer å ta det i bruk) e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant
<p>Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)</p>	<p>Prosjektet er styrt av ei styringsgruppe på tre personar som har jamleg kontakt på e-post og telefon. Det er møter i gruppa to-tre gonger i halvåret der målsetningar og aktivitet vert vurdert, fylgt opp og justert. Vi har kontakt med huseigare via telefon og e-post i første omgong, deretter er det ofte møter hjå den enkelte. Vi inviterer til ulike samlingar og vi legg opp til å ha direkte møter med flest mulig. Alt av materiell som vert utarbeida er tilgjengelig på web og dei får utlevert HIB-perm under møter og samlingar. Vi utarbeider alt som skriftleg materiell for å sikre kontinuitet i arbeidet hos den enkelte, som ofte skifter mellom frivillige eldsjeler i lokalsamfunnet.</p>
<p>Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn</p>	<p>Prosjektet vil ha stor overføringsverdi til andre lokalsamfunn. Det er dei same problemstillingar huseigare landet over har og ein vil difor ha nytte av det som vert utarbeida i prosjektet andre stader enn i Sogn og Fjordane. Vi ynskjer å lage ein mal på korleis ein skal arbeide med huseigare og korleis ein skal kome i gong med eit slikt prosjekt andre stader. Vi vil også lage ein mal som legg grunnlag for å drifte prosjektet langsiktig, med og utan tilsette.</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</p>	<p>Hvilke samlinger har dere deltatt på i forbindelse med prosjektet?</p> <p>Samling for Bulyst prosjekt i regi av Sogn og Fjordane Fylkeskommune 15.november 2011</p> <p>Bulyst konferanse på Skei 23.-24.april 2012</p>
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Sjå vedlegg. Sidan tildelinga frå Bulyst kom så seint på året samsvarer ikkje rekneskapen med budsjettet frå 2011. Vi har i 2011 fått ein løyving frå fylkeskommunen, som Bulyst tildelinga i etterkant sa dei ville dekke. Fylkeskommunen har då omdisponert midlane til å gjelde registrering av hus og vil kunne nyttast også i 2012. Dette tilskotet kjem då i utgangspunktet utanfor det opphavlige budsjettet. Men sidan vedlagt reknskap er henta ut frå det faktiske rekneskapen til prosjektet ligg dei her inne. Når vi får reknskap for 2012 vil dette jamne seg ut, sidan vi har hatt, og vil ha større utgifter i løpet av 2012 enn budsjettet. Pga av Bulyst tildelinga har vi muligheit til å realisere ein rekke tiltak som vi ikkje hadde muligheit til i 2011 før vi fekk den gledelige tildelinga frå KR D.</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) Stabilisere eller øke befolkningen

<p>regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> b) Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer X d) Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) Styrke regionale sentra h) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? X i) Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)</p>	<p>Styringsgruppa og styret i Sogn og Fjordane Ungdomslag som er eigaren av prosjektet er no i gong med ein prosess som skal gje svar på korleis prosjektet skal vidareførast etter prosjektperioden er over i 2012. Det er eit stort ønske om at prosjektet i ein eller anna form vert vidareført til hjelp for huseigarane i fylket. Det er ulike måtar å gjere dette på og styringsgruppa ser nærare på dei ulike alternativa og vil ta endelig avgjersle om dette før sommaren.</p> <p>Uavhengig av korleis prosjektet vidareførast i Sogn og Fjordane vil det verte laga ein mal og ein verktøykasse for andre å ta i bruk andre deler i landet. Det er naturleg at det i første omgong er gjennom Noregs Ungdomslag dette arbeidet vert marknadsført. Det er heller ikkje utenkelig at fleire andre landsomfattande organisasjonar kan få kjennskap og tilgong til dette slik at dei kan ta i bruk dette i sine lokal/regional lag. Vi er sjølvsagt opne for innspel på andre måtar å overføre dette til andre deler av landet.</p>